



Svanhild Haugland - truleg ny leiar

Det har vore soknerådsval og og avgåande leiar Møyfrid Kristoffersen kunngrer at det nye soknerådet vert konstituert på Stømplassen 21. oktober klokka 19.30. Då er det val av leiar, nestleiar, kasserar, skrivar samt revisor og eit fast medlem av Fellesrådet i kommunen. Kristoffersen held fram som medlem men ikkje som leiar. Truleg vert ho avløyst av Svanhild Haugland. Her er saklista for det konstituerande møtet:

1. Velkomen og andaktsord ved soknepresten
2. Årsmelding for dei første 10 månadane i år
3. Rekneskap - status pr i dag
4. 'Frivilling-liste'
5. Planen for gudstenester i Uskedalen (ein generell plan)
6. Konstituering av nytt sokneråd
 - val av leiar, nestleiar, kasserar og skrivar pluss revisor
 - val av fast medlem i Fellesrådet samt vara
7. Kurs for soknerådet på Valen tysdag 27.10 kl. 16.30
8. Gudsteneleliste 1. halvår 2016
9. Val av leke medlemmer til Bispedømmerrådet
10. Orientering om Eva Megyesi sine konsertar.
(Uskedal kyrkje torsdag 19. november kl.19.00)
11. Salmesongkveld torsdag 26. november
12. Gospelkor og Lina, laurdag 5. desember kl.19 i kyrkja
13. Vår tradisjonelle julekonsert i kyrkja
 - 3. søndag i advent 13. desember kl. 19.00
 - fordeling av oppgåver i samband med denne

14. Soknerådsmøter 1. halvår 2016/neste soknerådsmøte
15. Eventuelt

Tekst. foto og nett: Ola Matti Mathisen